

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 8 - Oktober 1973 -
6. årg.




Foto: Jon Tesdal

Jesus lever i mitt hjerte
Han forkynner sinn og sans
Derfor kaller jeg han Herre
Livet mitt skal være hans.

Olaf Hillestad

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktør: Ingvar Fykse, Ytre Arna

Redaksjonsnemnd: Helge Hitland, Knut Brakestad

Harald Haugsvær, Tor Storerud, Gunlaug Bøyum

Forretningsførar: Thor Storerud, Indre Arna

Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

Det ord jeg trenger

Herre, gi meg nå ditt ord,
slik som du gir daglig brød.
Gi det slik at det forvandler meg,
at det ikke foranger meg når det
treffer meg,
at det ikke gleder meg når det
treffer andre,
at det ikke kjeder meg når du
taler til min neste —
og at jeg ikke snur det døve
øret til når du taler til meg.
La meg bli stille i ditt grep.
Uten ditt ord visner alt liv.
Tal derfor til meg.
Jeg vil være din tjener og lytte.

Th. Brüggemann

Forsida: Glade ungdomar frå «Treffen 1» i Arna

Er du redd for å dø?

Jesus sa: Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg skal leve selv om han dør. Og den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø. Johs. 11, 25—26.

En ung mann som lå og skulle dø, sa det slik: «Vi dyktiggjøres stadig for livet, men hvem lærer oss å dø». I dette lå det anklage, men også en hunger etter å få vite mer om døden. Vi skyver tankene på døden unna. Nå skal vi leve. Døden det gjelder liksom ikke meg. Slik får vi en kunstig holdning til døden. Forfatteren Alfred Hauge sier noen fornuftige ord om denne sak: «Å lære å leve er viktig. Men å lære å dø er enda viktigere. For den som har lært å dø, han har også lært å leve.»

Tekstordet vårt er hentet fra fortellinga om Jesus som vekker opp Lazarus. Jesus viser her at han er herre over dødens krefter. Dødkreftene kan herje noe forferdelig og selv den sterkeste dukker under for dem. Men disse uhyggelige kreftene er for ingen ting å regne når Jesus, Guds sønn, tar hånd om dem. Jesus er sterkere enn døden. Han har makt til å skape liv av døde. «Deg være ære, Herre over dødens makt. Evig skal døden være, Kristus underlagt».

Oppvekkinga av Lazarus peker framover mot Jesu egen død og oppstandelse. Han måtte oppleve at døden var i ferd med å skille ham fra Gud. Han opplever dødsforlatthet i dødens stund og utbryter: «Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg.» Slik dør han den døden vi egentlig skulle ha dødd: uten Gud. Men så snur han det hele i samme øyeblikk og roper: «Det er fullbragt». Dermed er vår situasjon totalt forandret. Nå trenger vi ikke lenger oppleve at Gud er langt, langt borte i dødens stund. Nei, nå er han nær. For nå er han sammen med oss.

Derfor kan vi være trygge og frimodige. Vi kan få leve i vissheten om at «hverken død eller liv, hverken engler eller makter, hverken noe som nå er eller som komme skal, hverken krefter i høyden eller dypet eller noen annen skapning skal kunne skille oss fra Guds kjærlighet i Kristus Jesus». Rom. 8, 29—38. Den grunnvoll som Jesus la i og med sin død og oppstandelse, er en sikker grunnvoll å stå på, å leve på, og å dø på. Og den grunnen bryter aldri sammen. Den blir stående når alt annet raser i grus.

Lazarus ble levende igjen. Og gleden ble stor i heimen i Betania. Men Lazarus måtte dø igjen, slik som alle andre mennesker må dø. Da var det ikke store trøsten for hans søstre å hente i dette at Jesus engang før kanskje 50 år siden hadde gitt broren livet igjen. Det eneste de da kunne finne trøst i, var at Jesus var herre over døden. Hans seier over døden en gang for alltid er også det eneste vi kan trøste oss til i dødens stund.

«Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve selv om han dør. Og den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø». Dette skal vi få lov til å tro og trøste oss til. Og ikke nok med det. Vi har allerede del i det evige livet, dersom vi lever i troen på Jesus Kristus. Vårt håp er en framtid utover dødens terskel.

Seieren over døden skjer i dag. Forkaster du Jesus nå, blir døden et dumrende nederlag med fortapelsen som utgang. Men lar du Jesus få plass i ditt liv i dag, skal du vinne en overveldende seier.

Er du redd for å dø? Ja, vi er vel helst det. Men den som klynger seg til Han som er «oppstandelsen og livet» skal få være trygg i dette at «han skal leve selv om han dør».

Heh

Glimt frå avskilsfesten for sokneprest Tesdal



Tesdal og kona beundrar den vakre og originale gåva som formannen i soknerådet, Jens Hauge, overrekte dei frå Arna kyrkjelyd under festen på Garnes ungdomsskule.

Gåva er eit verk som er skore i tre av kunstnaren K. Hommedal, og syner sokneprest Tesdal i sitt «rette element»: på prekestolen i Arna kyrkje. (Foto: Bygdnytt)



Eit utsnitt av festlyden. Det vanka mange gode og varme ord til Tesdal med takk for trufast teneste i kyrkjelyden gjennom mange år.

(Foto: Bygdnytt)

Under vidare himlar

Ja, då lyst du mot vest og til havs slik me gjorde — gamlingane frå Arna gamleheim siste godversdagen i august. Dei stunda mot hav, dei vart leide i stova si av stol og seng. Slik tur hadde me snakka om i fjar og, og merkt av ein dag då me skulle fara. Men so vart det ruskever og turen vart om inkje. Denne gongen var me hepane og kom i veg. Etter middagen kom bussen og hentet oss. Frå byn drog me til Kleppestø med ferja. Tok vestleidi yver Askøy om Davanger til Herdla, den austre leidi om Hannevik—Ask tok me heimatt, langs Herdlefjorden.

Lyngen stod i fagraste bløming. Me laut stogga i ei llynghei og ta med oss minne etter ferdi. Buketten min stend enno like fin og blømer truleg til yver jol. Det er hardføre blomar som slær seg ned her. Men havsnekjen kjänner du ikkje før du kjem til Kjerrgarden i det gamle Herdla. Der stoggar skogen og lendet vidar seg utnakje og berrt. For fjordfolk vert dette ei ny oppliving. Ånei for himmel rein og klår, ånei so frisk ei lukt. Og fjorden, idag so venleg og blid. Me skunda på fram. Eg som var kjend laut peika i alle øtter: Trætet, Fromreid, Fauskong, Abbedisso, Oksnes, Skrāmestø, Hønsna, Skansen. På høge bru drog me yver Herdlesundet og for framum Hesthaugen på Herdla der Eirik Blodøks reiste si nidstong før han drog or landet. Her var fagre bør og store bølingar mest som i USA. Me fekk tider å sjå oss ikring. «Biologien» — havforskningsstasjonen der «Herman Friile» nett la til

bryggja med studentane som hadde vore på leit etter livande kryp i sjøen. Eller rota ette trodl som dei gamle sa om presten Sars som vel var den fyrste havforskeren vår. «Biologen» på Herdla er reist til æra for han. Me såg yver Valenflyplassen frå krigens dagar — og fuglestaden framum alle frå gamle dagar. Det er her dei emnar på Oljebase eller kva dei kallar det for. Stakkars Nordhordland som lyt ofra sine finaste strender og bør til industrien. Eg vil tru dei kunne høyra på Olav Nakken som sa til Myrvold: Kom til oss i Øygarden me har plass.

Matøkt hadde me i nye kaffistova, men då sidan laut me stad til Herdla kyrkja. Derifrå såg me mest heile Øygarden frå Solsvik i Fjell og til Sturholmane i nord og innafor dei ligg Stura der styraen på aldersheimen vår kjem ifrå. Jan og Berit Dahl leste opp kyrkja for oss og eg fortalte då om kyrkja, folk og land. Olav Sture bad då meg syngja gammal tone frå Herdla og eg laut då taka gamle skriftesalmen eg hugsa frå mi fyrste tid her ute: Mine synder er som sand i strand, mangfoldig som sol i strime. Gud løse meg nu av syndens garn og helst i dødens time. Gud lade mig aldri gå fortapt, som mig haver skapt. Giv mig av nådene dine. So kom då den Øygardstonen til å fylgja oss frå kvilestundi i gamle Herdlakyrkja.

Men ein annan «om» lyst eg og nemna. Korleis fekk me alle med oss i bil og buss so lang veg. Stol-sitjande og hjelpelause som sume

var. Det lyt eg no fortelja litevett om.

Eg merkte meg ei kvinna i bunad som sat med bilføraren. Kven er ho? Ikkje høgrøysta og frampå — var berre med. Kva slags umber har ho? Ikkje høyrd ho til aldersheimen vår eller til sosialstaben vår. Det var fru Kristiansen frå Nordås i Fana. Og no lyt eg fortelja om umberet hennar.

I Fana hadde ho ilag med nokre andre m.a. diakon Meland laga til tur for eldre og uføre med White Lady. Dei skulle møta fram på Nesttun og bussen stod klar. Men du store min. Høge trinn, smale dørar. Korleis skulle ein få folk med skjener på føtene eller visne armar inn i slike vogner. Dei tenkte: Her er ingen ting å venta på, me lyt dra heimatt. Fru Kristiansen var med og såg denne vesaldomen og balet med å få desse inn på bussen stod sidan klårt som fotografi i minnet hennar. Men no skal ho sjølv koma til ordet og fortelja: «Eg sat og kvilde i stolen heime. Brått vart eg uroa av hendingane på Nesttun. Det kom yver meg ei kraft og det var som ein film synte meg kva eg skulle gjera og korleis eg skulle fara fram. Og tvil fannst 'kje hjå meg. Eg laut få fram ein buss for slike gamle og sjuke. Eg sa det til

mannen min. Ja, kva skulle han segja? Ein buss. Han viste meg til styret for rutebilane. Eg bad til Gud at han laut gå fyre til dei mennene eg laut tala med. Pengane våre var 0. Ilag med Meland leita me fram nokre kontor. Kvinneforeningen Iris som eg var form. i ville ikkje gå med i slikt tiltak. Men eg lånte namnet: Iris og bad Gud syna meg veg. Resultatet vart ikkje berre ein buss, men ein minibuss attåt. Og no kom mannen min og med. Han såg trøngen. Men pengane vanta. Men Gud var med. Eit eldre menneske kom og ga oss eit lån på bra vilkår. Minibussen vart betalt på 30 dagar. Bensin? Nokre dagar etter kom det i posten 5000,00 kr. som gāva frå foreningen: «Vår neste». Fru Kristiansen hadde då berre eitt å segja: Makt er det i falla hender.

Og slik har det seg då at me i Arna fekk dra på buss til Herdla. Ein buss som sers var laga for slike som oss og som stendigt er i bruk for eldre og uføre i det digre Bergen.

Hermed fylgjer då takk og helsing til fru Kristiansen og mannen hennar frå Arna aldersheim, for buss og minibuss og fagert fylgje.

E. T.



SOKNERÅDSVALET 1973

I samsvar med Lov om Den norske kirkes ordning skal val på medlemmer av sokneråda haldast i siste ikkje står i manntalet må sendast kvartal av inneverande år. Då det skal valet fremjast som fleirtals-

Manntalet er utlagt til ettersyn i prestekontora. Klage over at ein ikke er sett fram krav om anna, kl. 20.00 tiande dagen før valet.

Kandidatlister kan setjast opp av 10 røysteføre soknelemer.

Lista må ha 26 namn.

Kandidatlister må vere innkomne til formannen i soknerådet innan kl. 20.00 den tjuande dagen føre valet.

Lista må ha til overskrift namna på dei som har gjort framlegget.

Kyrkjeleg røysterett har kvart medlem av Den norske kyrkja som bur i soknet og som er fylt 20 år og ikkje er frådømt røysterett i offentlege saker.

13 namn på lista.

Sokneråda/valstyra i Arna prestegjeld

KANDIDATLISTE

til soknerådsvalet i Arna og på Trengereid 18. november 1973.

Forslagsstillarar: Trygve H. Kleppestø, Harald Haugsvær, Berit Ljones, Brita Romslo, Dagny Kleppestø, Johs. Jakobsen, Karl Minde, Sigmund Kleiveland, Birger Børdal, Jens K. Hauge.

Liste Arna Trengereid

1. Oddmund Bildøy, Indre Arna
2. Ingmar Ljones, Indre Arna
3. Sigurd Øijord, Trengereid
4. Magne Mestad, Espeland
5. Brynhild Skjelbreid, Garnes
6. Åsta Eide, Arnatveit
7. Haldor A. Romslo, Romslo
8. Helge Johnsen, Indre Arna
9. Margot Skjoldal, Espeland
10. Gunnvor Eide, Arnatveit
11. Sverre Haugsvær, Haukeland
12. Ruth Dyrøy, Haukeland
13. Erna Halvorsen, Seimsmark
14. Ella Økland, Trengereid
15. Olai Skartveit, Haukeland
16. Albregt Ivarsflaten, Indre Arna
17. Klara Ulvesæter, Romslo
18. Ove Skjoldal, Espeland
19. Margot Boge, Seimsmark
20. Solveig Stephansen, Espeland
21. Jostein Edland, Indre Arna
22. Marit Sture, Indre Arna
23. Odd Kjos, Indre Arna
24. Magnus Stokke, Tunes
25. Anny Nesse, Haukeland
26. Andreas A. Romslo, Trengereid

KANDIDATLISTE
til soknerådsvalet i Ytre Arna 18. november 1973.

Forslagsstillarar: Henning Helland, Johan Stein, Anker Rønhovde, Olav E. Kvamme, Lars Vesetvik, Knut Brakestad, Eli Mohn, Arvid Teigland, Gudny Hundshammer, Nils Kvamstø.

Liste Ytre Arna

- | | |
|--------------------------------|---------------------------------|
| 1. faglærar Per Sæle | 14. husmor Alma Revheim |
| 2. kontormann Tormod Hanstveit | 15. husmor Else Solsvik |
| 3. organist Anker Rønhovde | 16. husmor Jenny Sverresvold |
| 4. førstelærar Knut Brakestad | 17. snikkar Ivar Loftås |
| 5. sosiallærar Eli Mohn | 18. kontordame Ingrid Olsen |
| 6. kontordame Aud Else Eikerol | 19. husmor Maria Teigland |
| 7. skohandlar Arvid Teigland | 20. tømrar Tore Ebbesvik |
| 8. husmor Aud Gaupås | 21. lærar Dagmar Klemetsen |
| 9. gullsmed Sigvald Storheim | 22. vaktmeistar Per Hundshammer |
| 10. politimann Arnfinn Landøy | 23. husmor Jenny Svinøy |
| 11. lærar Brynjar Rismyhr | 24. husmor Inger Gravdal |
| 12. lærar Kristi Hjellum | 25. tømrar Håkon Haugland |
| 13. sjåfør Torstein Prestegård | 26. fyrbøtar Leonard Kalsås |

Menighetshus i
Ytre Arna?




Foto: John Tesdal

Som du kanskje ser, er dette eit bilet av «gamlehjemmet» i Ytre Arna. Det er ein særleg grunn til at det er teke inn i bladet denne gongen. Soknerådet har nemleg kjøpt huset. Det har i det siste vore drive som hybelhus. Ein kjem til å velja eit styre til å ta seg av drifta av huset. Det viktigste føremålet med kjøpet er å få ein stad der foreiningar og andre grupper kan halda til. Det er meininga å gje det ei omvøle og setja det i betre stand slik at det verkeleg kan tena til føremålet. Plasseringa er sentral og spesielt høver det godt at huset så og seie er vegg i vegg med kyrkja. Med tida kan kanskje her bli eit kyrkjelydssenter. Bd

Herre over dødens makt

Aud Skagestad, Kamerun-misjonær,
forteller om forskjellen på hedensk og
kristen begravelse

En ettermiddag jeg sitter på verandaen på misjonsstasjonen i Ngao-undere, går et likfølge forbi på veien. Fire unge menn bærer den døde. Bak kommer noen kvinner som gråtrer og jamrer seg så det er vondt å høre. Det er tydeligvis en hedensk familie som har mistet en av sine kjære. Jeg må tenke på ordene i Ef. 2.12 om den som lever «uten håp og uten Gud i verden». Når en hedning dør har ikke de etterlatte noe håp om en evig herlighet hos Gud, hverken for den døde eller for seg selv. Bare det ukjente mørke er tilbake. Døden virker så brutal, så ubegripelig for dem. Den er den siste fiende i all sin grusomhet. Er det underlig at de gråter og «sørger som dem som ikke har håp»? (1. Tess. 4.13.)

Senere er jeg tilstede ved en kristen begravelse. En skolegutt, sønn av en katekist, er død plutselig. Gravplassen ligger i skogkanten like utenfor byen. Mens de går langsomt innover på den smale tien,

høres ikke annet enn sang. Hedningenes jammer er borte.

Sangen kjenner jeg om språket er ukjent. Det er «Hvilken venn vi har i Jesus». De synger om ham som kan lette de tyngste byrder, som er trofast om alle andre svikter og som alene kan trøste i sorgen. Ved graven er det ingen som gråter. Misjonæren og guttens far holder hver sin tale. Begge snakker om ham som er oppstandelsen og livet og som lar oss leve om vi dør.

Misjonsarbeidet bærer frukt. Mennesker blir revet ut av mørket og får se Gud som lys i sitt liv. Hedenskapen er grusomt og har fortsatt stor makt i Kamerun, men evangeliet er også der en Guds kraft til frelse.

Alle mennesker er født med samme rett til menneskeverdig liv og med arverett til Guds rike. Du og jeg skal få være med og kunngjøre dette. Vi skal være vitne om Jesu død og oppstandelse både i Norge, i Kamerun og like til jordens ende.

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se en engel kom,

åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!
Deg være ære
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

ARNA HELSELAG

Medlemsverving

Arna helselag har sendt ut ein postgiroblankett til alle husstander som bur i helselaget sitt område i tidlegare Arna kommune.

Ein oppmodar alle som ikkje er medlem om å verta det. Medlemskontingenten er kr. 15,- pr. år.

Ein gjer merksam på at medlemskontingenten er så og seia einaste innkomma laget har til å driva dei hjelpe tiltak ein har i dag.

Tilskot frå stat og kommune er så beskjedne, derfor må helselaget på andre måter prøva å skaffa penger til dei store utgifter som laget har på ditt budsjett.

Ein skal få nevna dei tiltak som helselaget driv i dag: Kontrollstasjon for born i eigne lokaler på Indre

Arna skule, fot og hårpleie for eldre og uføre.

Fotpleie v/fra Felde tlf. 24 09 12
Hårpleie v/fra Utne tlf. 24 08 98

Laget gledar og mange sjuke og einslege med blomsterhelsing til jul, og skipa til eldretreff og turar for pensjonistar.

Ein vil oppmoda alle husstander som har mottatt ein postgiroblankett senda den tilbake med kr. 15,— til Arna helselag postgiro nr. 32 60 82. På den måten kan De vera med å gjeva ei hjelpende hånd, slik at helselaget kan fortsetja med dei hjelpe tiltak dei driv idag og kanskje få utvida med fleire tiltak som ein veit trengs i Arna idag.

Arna Helselag
Johannes J. Midtun



Vår mann i Arna

KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning.

Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 241532

Kven skal vi velja?

Soknerådsvalet i haust er eit viktig val, for medlemene i rådet kan i dei fire åra som kjem, gjera mykje til å fremja kristenlivet og verksemda i soknet.

Men kven skal vi velja til å ta ansvar for oppgåvene?

Dette spørsmålet har me lagt fram for formannen i Kyrkjerådet, redaktør Per Vokssø. Nokre av dei tankane han kjem med, kan vera med å gjera synet på valet klårare.

— Eg vil ikkje stå fram å slå fast at soleis skal eit soknerådsmedlem vera, seier Vokssø. Kvart sokn har sitt sær preg og sine spesielle oppgåver, og ein lyt velja eit sokneråd som kan gjera det best mogleg i den særskilde stoda soknet står i.

Dersom eg skulle setja opp nokre ynskje for soknerådsvalet, vil eg vona at det blir valt

— eit sokneråd som kan setja opp eit arbeidsprogram og kan klare å gjennomføre det,

— eit sokneråd som kan samarbeide, — eit sokneråd som ikkje trur at det sjølvé kan gjera alt, men som hjelper til å leggja arbeidet til rettes for andre.

— Kva slags folk bør sitja i soknerådet?

— Eit sokneråd bør vera toleleg breidt samansett, slik at ymse yrke, interessefelt og alderstrinn er til stades. Viktig er det at ein har eit par formannskandidatar på lista, folk som er viljuge til å gjera ein jobb og til å gi tid til det. Det aller viktigaste for folk som skal vera med i soknerådet, er likevel at dei har interesse for arbeidet og vil ofre noko for det.

— Og kan hende syna det ved å gå titt i kyrkja?

— Eg vil heller seia det slik at når ein sit i soknerådet, skulle det vera naturleg å vera jamt med i samlinga om gudstjenesta, seier Vokssø.

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR OTTO HAUKELAND

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET
VESTA  **HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

Familieside



ARNA SOKN:

Døypete:

- 15.09. Birte Helen, foreldre: Rolf Johan Berentsen—Anne Karin, født Svortevik
15.09. Arild, foreldre: Johannes Fotland—Kari, født Standnes
16.09. Ole Morten, foreldre: Ole Bjørn Fadnes—Angunn Margrethe, født Berge (Bersdalen)
23.09 Simon Anthony, foreldre: Anthony Owen Jeeves—Marit, født Clausen
23.09. Raymond, foreldre: Tore Alv Njøten—Erna Rigmor, født Sæle
30.09. Steinar, foreldre: Agnar Georg Antonsen—Dagny, født Vassenden (Dale)
06.10. Gunn Rene, foreldre: John Thunes—Elisabet, født Tunheim
06.10. Regin, foreldre: AØLBERT Larsen—Brit Marit, født Solberg

Vigde:

- 15.09. Odd Vidar Søgne sand og Ingelin Daltveit
15.09. Alf Harald Ringås og Jorunn Midtun
15.09. Nils Helle og Aud Hildegunn Hjønnevåg

Avlidne:

- 06.10. Dr. Øyvind Loven, født 1907

YTRE ARNA SOKN:

Døypete:

- 26.08. Harald, foreldre: Svein Josef Borge—Olaug Karin, født Ekanger (Slettebakken)
30.09. Vidar, foreldre: Eivind Hole—Jorunn Annie, født Aas (Arna)

Vigde:

- 22.09. Åge Otto Nybakk og Rita Alice Thomsen

Avlidne:

- 22.09. Johan Olai Bernestangen, født 1902
22.09. Kari Wik, født 1933
10.10. Magnus Kalland, født 1900

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

« F O K U S »

Espeland
(Lone Landhandel)

Hele bygdas lavprisbutikk.

Manuell kjøttvareavdeling
med nye knalltilbud hver uke.
(Middagspølse i metervis.)

På sykkel, bil eller buss, ikke stuss, legg turen
direkte til «Fokus».

OBS. Torsdag åpent til kl. 19.00.

Familieside



ARNA SOKN:

Døpte:

- 15.09. Birte Helen, foreldre: Rolf Johan Berentsen—Anne Karin, født Svortevik
15.09. Arild, foreldre: Johannes Fotland—Kari, født Standnes
16.09. Ole Morten, foreldre: Ole Bjørn Fadnes—Angunn Margrethe, født Berge (Bersdalen)
23.09 Simon Anthony, foreldre: Anthony Owen Jeeves—Marit, født Clausen
23.09. Raymond, foreldre: Tore Alv Njøten—Erna Rigmor, født Sæle

ARNATVEIT HANDEL

Alt i dagligvarer
Tlf. 240417

Inneh. B. Børdal

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

ARNA PRIVATBANK

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer — Verktøy — Beslag
Sport og camping — Glass og steintøy

Velkommen til kyrkje *

- 28.10. Arna: fung. res. kap. Hitland og pastor Rolf Helen Iversen.
Arna: kl. 18.30 nattverdsgudsteneste ved Hitland og Rolf H. Iversen. Avslutning på ungdomsaksjonen.
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse.
- 04.11. Arna: fung. sokneprest Fykse. Nattverd.
Ytre Arna: fung. res. kap. Hitland. Nattverd.
- 11.11. Arna: fung. res. kap. Hitland. Barnas misjonsdag. Innsamling av misjonsbøsser.
- 18.11. Arna: Sokneprest Tesdal. Soknerådsval etter gudstenesta.
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse. Soknerådsval etter gudst.
Trengereid: fung. res. kap. Hitland. Soknerådsval etter gudst.
- 25.11. Arna: kl. 19.00 kveldsgudsteneste ved fung. sokneprest Fykse.
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse og Malvin Lie. Barnas misjonsdag. Innsamling av misjonsbøsser.
- 02.12. Arna: fung. res. kap. Hitland og Malvin Lie. Nattverd.
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse. Nattverd.
Ytre Arna: kl. 19.00 ungdomsgudsteneste ved Hitland.

Ungdomsaksjonen —73

Vi har gleden av å innby deg til ungdomssamlinger i Arna kyrkje:

Torsdag 25. oktober:

Ungdomsgudstjeneste kl. 19.00. Rolf Helen Iversen og Helge Hitland.
Singspiration etter gudstjenesta.

Fredag 26. oktober:

Møte kl. 19.00. Rolf Helen Iversen. Lone ungdomskor.

Lørdag 27. oktober:

GOSPELNIGHT kl. 20.00. Sang — vitnesbyrd. Rolf Helen Iversen.

Søndag 28. oktober:

Botsgudstjeneste kl. 11.00. Rolf Helen Iversen og Helge Hitland. Nattverdsgudstjeneste kl. 18.30. Rolf Helen Iversen og Helge Hitland.

Bønn 1/2 time før møtene. Mye sang og musikk.

VEL MØTT! — VEL MØTT!